

Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Samferdselsavdelinga

Askedalen 2

6863 LEIKANGER

Aurland, den 23.02.2018

Høyring – søknad om løyvefritak i Sogn og Fjordane

Saks nr.: 17 / 8296 – 4

Uttale i samband med ulike søknader til Sogn og Fjordane Fylkeskommune om fritak for løyve i samband med persontransport i Aurland Kommune.

Aurland Taxi er eit lite drosjeselskap i Aurland Kommune som innehar 2 drosjeløyve, samt 2 reserveløyve og dekker behovet for persontransport i Aurland. Aurland kommune er ein kommune med relativt få innbyggjarar, kring 1780, men med eit lokalt drosjeselskap som har klart å utvikle eit godt transporttilbod i kommunen.

Aurland Taxi har i skrivande stund 2 fast tilsette sjåførar i tillegg til eigar. Utanom dei faste er det også tilknytt fleire tilkallingssjåførar. I høgsesongen tilset vi også ekstra sjåførar.

Turisttilstrøyminga til bygda dannar eitt grunnlag for det gode transporttilbodet, og tener såleis dei lokale innbyggjarane heile året. Vintermånadane er svake, og utan turismen vil det være umogeleg å oppretthalde eitt slikt tilbod. Reknar ein innbyggjarar per drosje, er tilbodet i kommunen meir enn tre gonger høgare enn i fylkes største kommune, Førde. Kommunen har eitt stort tal eldre som er avhengig av drosje til lege, fysioterapi, handling og andre gjeremål. Desse er vel tent med eitt godt tilbod. Eitt tilbod drosjenæringa i kommunen kan gje fordi turisme og ulike former for aktivitet krev transport av personar frå A til B.

Uheldigvis ser vi no stadig aukande aktivitet i forhold til å «ta til seg» køyring frå dei lovlege transportørane. Metoden er enkel, samle nokre personar på same stad og kall det eitt arrangement. I utgangspunktet forsøker ein å «sleppe unna» med argumentet eigentransport, lettare å få tilgjeving enn løyve. Skulle nokon oppdage lovbrøtet søker ein fritak.

I nokre tilfelle ser vi at arrangør bruker argumentet om at «kundar» har samanfallande transportbehov med firmaets «guide» og søker løyvefritak med dette som grunnlag.

No ligg det føre fleire søknader til fylkeskommunen om løyvefritak. Fleire vil komme om desse vert innvilga. Allereie i dag er det fleire fritak frå løyve knytt til skuletransport. Den såkalla «piratkøyringa» i helgene er markert, og det er imponerande å sjå kor samanfallande transportbehov enkelte menneskjer har med folk som har kontantar i lomma.

Løyvefritak for å køyre born til skulen, løyvefritak for å transportere folk til egne arrangement, løyvefritak for å transportere folk med samanfallande transportbehov. Alle desse søknadane om løyvefritak, har eigentleg berre ein ting føre seg. Skaffe eller auke inntekt på eigen transporten.

Det er Aurland Taxi si klare oppfatning at dette er i strid med gjeldande lovverk, så vel som intensjonen til lovgjevar då lovane vart vedtekne. Tildeling av løyvefritak er etter vår oppfatning ei undergraving av gjeldande lovverk, løyveordninga og intensjonen bak desse. Løyvefritak vil undergrave det drosjetilbod som finns i kommunen, og svekke mogelegheitene til transport for ein stor del av innbyggjarane. Korkje innbyggjarar eller drosjenæring er ikkje tent med fritak for løyveordninga.

Mange ser nok på ulike turistattraksjonar som moglege inntektskjelder, men ser ikkje konsekvensen når drosjene forsvinn. Vi trur ikkje at dei løyvefritak som er gjevne, eller kan bli gjevne, vil få desse transportørane til å bykse ut av senga ei laurdagsnatt kl. 0400 for å køyre heim ein overstadig rusa sambygding, eller sleppe alt dei har i hendene for å hente ein cruiseturist frå skipet i Flåm og til lege/legevakt.

Det er Aurland Taxi si sterke oppmoding til Sogn og Fjordane fylkeskommune og foreta ei djuptgåande konsekvensanalyse før ei innvilgar fleire løyvefritak i fylket.

Med helsing

Benjamin Rock (sign.)
Løyvehavar